



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	07.12.2020
Tid:	13.00 – 16.20

Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leiar	
Leiv Magnar Aarflot	Medlem	
Ann Elin Myklebust	Medlem	Frå sak 59. Frå kl, 14.15.
Kristin Helsem Sævik	Medlem	

Forfall:

Jan Nilsen	Nestleiar	

Varamedlemer som møtte:

Gerhard Furø	Vara	

Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar i Vest kontroll	

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	

Frå Herøy kommune møte:

Trond Arne Aglen	Kommunedirektør	Heile møtet
Renathe Rossi-Kaldhol	Kommunalsjef for helse og omsorg	I sakene 59,64,
Ole Magne Rotevatn	Avdelingsleiar utvikling	I sak 64/20 del 2
Frank Robert Stenersen	Byggesakshandsamar	I sak 64/20 del 2

Idar Kjell Tarberg
LeiarLeiv Aarflot
Medlem



SAKLISTE

- SAK 54/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT
MØTEPROTOKOLL
- SAK 55/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 56/20 MELDINGAR
- SAK 57/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 58/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN - TILSYNSSAK
SOSIALE TENESTER
- SAK 59/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF - HELSE OG OMSORG
- SAK 60/20 ORIENTERING OM LØPANDE REVISJON PR. DESEMBER 2020
- SAK 61/20 RAPPORTERING 2. TERTIAL 2020
- SAK 62/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024
- SAK 63/20 SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS – OPPFØLGING
- SAK 64/20 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING
- SAK 65/20 FINANSRAPPORT 2. TERTIAL 2020



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
54/20	033	10.11.2020	07.12.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 64 etter sak 59.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Leiv Aarflot.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
55/20	049	10.11.2020	07.12.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 21.10.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 21.10.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
56/20	033&17	27.11.2020	07.12.2020	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Frå nettavisa kommunalrapport, av 26.10.2020 «Ingen plikt til å foreslå kandidater til kontrollutvalget».
2. Frå bladet kommunal økonomi nr. 8, 2020. «Nye internkontrollregler gjelder fra 1. januar 2021».
3. Frå nettavisa kommunalrapport, av 23.11.2020. «Kommunen har plikt til å legge til rette for møtepublikum».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
57/20	033&58	27.11.2020	07.12.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

Protokollar frå Eldrerådet av 19.10. og 18.11. vert utsett til neste møte.

**I møtet**

Protokollane frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne verkar litt «rotete». Her bør litt redigering til og utvalet ber kommunedirektøren ta med seg det som kom opp.

Kommunedirektøren si innstilling vart fjerna frå protokollen. Det er rådet som har fjerna innstillinga. Det vart oppklara frå kommunedirektøren i møtet.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside -

<https://innsyn.heroy.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Arbeidsmiljøutvalet:	31.08	19.10			
Eldrerådet:	21.09	19.10	18.11		
Formannskapet:	29.09	20.10	03.11	10.11	17.11
Klageutvalet:	10.06				
Kommunestyret:	24.09	26.10			
Kontrollutvalet:					
Maritim og teknisk utval:	07.09	12.10	09.11	23.11	
Oppvekstutvalet:	10.09	19.10	19.11		
Plan og byggeutval:	16.04				
Råd for msk med nedsett funksjonsevne:	18.09	26.10	23.11		
Ungdomsrådet:	30.09	14.10	18.11		
Utval for helse og omsorg:	09.09	14.10	11.11	25.11	
Utval for næring, kultur og idrett:	25.08	14.10	11.11	25.11	
Utval for vilt, fiske og friluft:	20.08				
Valutvalet:	24.09				

SSR IKS Styret

SSR IKS Representantskap

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
58/20	030&18	27.11.2020	07.12.2020	KS/JS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN -TILSYNSSAK SOSIALE TENESTER**Samrøystes innstilling**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektør Trond Arne Aglen til vitende.

Vedlegg

Frå avisa Vestlandnytt, av 20.november 2020. «Fylkesmannen avsluttar tilsyn med NAV Herøy».

Saksopplysning

Kommunedirektør Trond Arne Aglen vert kalla inn for å gi ei orientering, samt svare på spørsmål.



Kontrollutvalet gjorde i sak 28/20 vedtak om ei ny orientering frå kommunaldirektør/NAV leiar i møtet 07.12.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
59/20	030&18	27.11.2020	07.12.2020	KS/JS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF - HELSE OG OMSORG

Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren og kommunalsjef for helse og omsorg til vitende.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysning

Kommunedirektør Trond Arne Aglen og kommunalsjef for helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol vert kalla inn for å gi ei orientering, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille kommunedirektøren og kommunalsjef for helse og omsorg.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
60/20	216	19.11.2020	07.12.2020	KS

ORIENTERING OM LØPANDE REVISJON PR. DESEMBER 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orientering om løpande revisjon pr. desember 2020 til vitende.

I møtet

Dagleg leiar/revisjonssjef Bodill Skeide orienterte og svarta på spørsmål.

Saksopplysningar

Dagleg leiar/rev. Sjef Bodill Skeide frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon orienterer om løpande revisjon pr. desember 2020 i møtet 07.12.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
61/20	212	27.11.2020	07.12.2020	JSa

RAPPORTERING 2. TERTIAL 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 139/20 – rapportering 2. tertial 2020 til vitende.

I møtet

Det kom fram at presentasjonen bør vere betre og det bør kome ei enkel oppsummering. Kommunedirektøren vil jobbe vidare med å få til betre presentasjon. Det vil kome i 2021.

**Vedlegg**

1. Saksframlegg datert 11.10.2020 til:
 - a. Formannskapssak 162/20 20.10.2020
 - b. Kommunestyresak 139/20 26.11.2020
2. Tertialrapportering 2. tertial 2020

Saksopplysning:

All info er henta frå saksframlegg til Kommunestyret og Formannskapet

1. Kommunedirektøren si innleiing og oppsummering, side 2 i vedlegg 2.
2. Omtale av dei ulike sektorane, frå side 3 i vedlegg 2.
3. Reglementa skal reviderast.
4. Svært krevende budsjettssituasjon for helse- og omsorgssektoren pga.:
 - a) Ikkje budsjetterte driftsutgifter på ca. 5 mill.,
 - b) Kutt i ramma i sektoren på ca. 8 mill.
 - c) Ekstra utgifter i millionklassa pga covid-19. Kommunen søker om skjønnsmidlar.
5. Fokusområde økonomi side 38 i vedlegg 2. Den økonomiske situasjonen er slik at det er nødvendig med innsparingar.
Økonomiske utfordringar:
 - a. Høgre utgifter enn inntekter
 - b. Lave fri inntekter
 - c. Høg lånegjeld
6. Sjukefråværet var på 6,83% i 2. tertial. Fråværet har vore omtrent som dei to siste åra. Meir detaljert informasjon finst på side 42-45 i vedlegg 2.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
62/20	217	27.11.2020	07.12.2020	JS

PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024**Samrøystes innstilling**

1. Kommunestyret vedtek Plan for eigarskapskontroll slik den ligg føre.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram sak for eigarskapsstyring innan 30.06.2021, basert på «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll» frå KS.
3. Kommunestyret gjev Kontrollutvalet fullmakt til å vedta eigarskapskontrollar innan ramma for utføring.
4. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte eigarskapskontrollar vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører eigarskapskontroll på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
5. Kommunestyret vedtek at denne planen for eigarskapskontroll gjeld inntil ny plan ligg føre.

Vedlegg

1. Plan for eigarskapskontroll
2. Kapittel 7 frå Overordna analyse utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.



3. KS Anbefaling om eierskap, selskapsledesle og kontroll. Utgitt 25.11.2020.

Saksopplysningar

Viser til forslag til plan som ligg ved.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
63/20	026	30.11.2020	07.12.2020	JS

SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret registrerer at representantskapet og selskapet sine organ i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS ikkje har følgd opp alle punkta som kom fram i selskapskontrollen jfr. Kommunestyret sitt vedtak i sak 07/20 Selskapskontroll av SSR IKS.
2. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og setje i verk dei tiltak som er nødvendige for å tilfredsstillе gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.

Vedlegg

Oppfølgingskontrollen frå revisjonen, datert 21.10.2020.

Saksopplysningar

«Kontrollutvalssak 43/20

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS sjå etter om rekneskapa 2019 for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS gir informasjon om Kommunestyret sitt vedtak i sak 07/20 Selskapskontroll av SSR IKS er følgd opp når det gjeld forvaltningsrevisjonsdelen.
2. Kontrollutvalet ber ordføraren gi tilbakemelding på oppfølging av eigarskapsdelen i Selskapskontrollen.

I møte

Bodill Skeide orienterte og svara på spørsmål.

Vedlegg

1. Tilbakemeldinga frå SSR IKS AV 20.12.2019
2. Representantskapsbehandlninga av rekneskap og årsmelding
3. Årsrapport 2019
4. SELSKAPSKONTROLL SSR IKS Sak 33-19 i KU og KS 07/20

Saksopplysningar

Kommunestyret behandla saka Selskapskontroll av SSR IKS i sak 7/20 og gjorde slikt vedtak:

- «1. Kommunestyret tek rapporten frå selskapskontroll (eigarskapskontroll, budsjettstyring, innkjøp – innkjøpsrutinar/innkjøpspraksis og forvaltningsrevisjon), utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til vitende.
2. Kommunestyret vil peike på at vedtekne rutinar skal følgjast og kommunen sine representantskapsmedlemer har som eigarrepresentantar eit spesielt ansvar for oppfølginga overfor selskapet.



3. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og set i verk dei tiltak som er nødvendige for å tilfredstille gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.
4. Representantskapet og selskapet sine organ gir tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020. «

SSR IKS sende tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet 20.12.2019, jf vedlegg 1. Begge organa tok tilbakemeldinga til vitende.

Vurdering

Det er normalt at kontrollutvalet ser til at saker dei har sendt over til kommunestyret blir følgt opp, då i tråd med kommunestyret sitt endelege vedtak.

Her viser vi til Kommunestyret sitt vedtak i sak 07/20 der dei behandla Selskapskontrollen av SSR IKS.

Vi viser vidare til vedlegga 1, 2 og 3 i saka: Tilbakemeldinga frå SSR IKS, representantskapet si behandling av rekneskap og årsmelding for 2019 og årsrapporten for 2019.

Ut frå det som kjem fram i dei nemnde dokumenta kan det sjå ut til SSR IKS ikkje fullt ut har imøtekome det kommunestyret gjorde vedtak om i samband med selskapskontrollen. For å få til fullstendig klargjering bør Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS som utførte selskapskontrollen og kjenner godt til detaljane i undersøkinga, får i oppdrag å sjå at selskapet har utført oppfølginga i samsvar med kommunestyret sitt vedtak. Ordføraren bør også utfordrast på om det som var peika på i eigarskapsdelen er følgt opp.

Til opplysning har dei andre eigarkommunane gjort vedtak om oppfølging. Jf. forslaget til vedtak i saka.»

Oppfølging av selskapskontrollen frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Jamfør vedtak i kontrollutvalssak 43/20 pkt. 1.

Revisjonen si vurdering

Sjå vedlegget til saka. Kort fortalt kjem dette fram:

Fordelingsnøklar:

Er kvalitetssikra, men ikkje dokumentart av kven

Renter driftskreditt:

Her er det retta opp.

Aktivering av tomter

Delvis korrigert.

Nedgravde løysingar

Det er ikkje teke standpunkt til kven som skal betale for desse.

Ut frå revisjonen sine innhenta opplysningar frå Miljøverndirektoratet skal nedgravde løysingar dekkast av utbygger/anleggsleiar, ikkje av gebyra.

Dette er då feil handtert – ikkje retta. Revisjonen er ikkje kjent med om

SSR har undersøkt regelverket nærare. Rep. skapet har slutta seg til revisjonen si tolkning.

Revisjonen meiner at handtering av nedgravde løysingar kan vere feil.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
64/20	033	30.11.2020	07.12.2020	JS

SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringane kommunedirektør og kommunalsjef til vitende og finn ikkje å gå vidare i saka vedkomande Toftetunet.
2. Kontrollutvalet har fått orientering frå kommunedirektøren, samt informasjon frå det tilfang i saka som er sendt til kontrollutvalsleiaren. Ut frå det som har kome fram kan ikkje kontrollutvalet sjå at dette er ei sak for utvalet.

I møtet

Del 1

Kommunedirektør Trond Arne Aglen og kommunalsjef Renathe Rossi-Kaldhol orienterte vedkomande Toftetunet.

Særleg vart det teke opp tilhøve kring dårlege slitne bygningar. Mykje skadedyr i bygningane, spesielt maur vart nemnt.

Del 2.

Kommunedirektør Aglen saman med avdelingsleiar Ole Magne Rotevatn og byggesakshandsam Frank Robert Stenersen var til stades og orienterte vedkomande byggesak for hytte.

Vedlegg

Frå Vestlandsnytt vedkomande Toftetunet.

Saksopplysningar

Kontrollutvalsleiaren/sekretariatet har fått inn henvendingar/tips som må vurderast om det er aktuelle saker som kontrollutvalet bør ta opp som sak.

Kommunedirektøren er kalla inn for å orientere om det som er kome fram vedkomande forholda for brukarane av avlastingsheimen Toftetunet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
65/20	212	30.11.2020	07.12.2020	JSa

FINANSRAPPORT 2. TERTIAL 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 139/20 – finansrapport 2. tertial 2020 til vitende.

Vedlegg

3. Saksframlegg Finansrapport 2. tertial 2020 til Formannskapet og Kommunestyret, datert 09.09.2020
4. Finansrapport Langsiktige finansielle aktiva 01.01.-31.08. frå Bergen Capital Management (BCM)
5. Finansrapport Forvaltning ledig likviditet- Pengemarknadsfond 01.01.-31.08. frå Bergen Capital Management
6. Finansrapport Forvaltning av gjeldsportefølgje og finansieringsavtaler frå BCM datert 03.09.2020
7. Samlerapport frå Bergen Capital pr. august frå 2020 (BCM) datert 03.09.2020



Saksutgreiing

- Finansforvaltninga til kommunen er delt mellom forvaltning av kommunen si lånegjeld og forvaltninga av ledig likviditet.
- Lånegjelda på kr 1,011 milliard er forvalta av Bergen Capital Management (BCM). Lånegjelda har auka med ca. 160 mill. frå 31.12.2019.
- Gjennomsnittleg lånerente er på 1,35%. Renta har vore fallande i år.
- Plasseringane fordeler deg slik: 1. sida i vedlegg 1:
 1. 196 mill. i bank
 2. 51 mill. i obligasjonar/sertifikat
 3. 18,7 mill. i aksjar og aksjefond
 4. 10,5 mill. i pengemarknadsfond
- Etter negativ avkastning ved utbreiing av koronapandemien er avkastninga på mange plasseringar no positiv igjen. Herøy Kommune har likevel 0 i avkastning hittil i år, mens det er budsjettert med ei avkastning på 6 mill. i 2020.
- Finansreglementet har vore brote, jamfør 1. sida i vedlegg 1. Kommunedirektøren stiller spørsmål om risikoen bør reduserast.
- Den økonomiske utviklinga i 2020 er prega av:
 - ✓ økonomisk verdskrise som følgje av covid-19
 - ✓ oljeprisfall
 - ✓ rekordlav rente, Norges Bank si styringsrente på 0
 - ✓ svak krone fører til høgre prisar på importerte varer
- Etter fall i mars/april er mange marknader i ferd med å normalisere seg.
- Arbeidsløysa i Norge er framleis høg, men lågare enn tidlegare i år.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Rådmann til orientering.
Ordførar til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.